

Haram Kommune
Postboks 33
6282 Brattvåg

Dykkar referanse:

Vår referanse:
26/1399, 26/17814

Arkivkode:
L42 402/11

Dato:
27.07.2026

Gbnr. 402/11 m.fl. - Angelsneset - Byggesak - Ny sjøledning - Vedtak

Behandling:

Delegert sak nummer: 135/26	Dato: 27.07.2026
-----------------------------	------------------

Tiltak: Ny sjøleidning
Byggestad: Gbnr. 402/11 Angelsneset 2
Tiltakshavar: Haram Kommune
Ansvarleg søkar: Haram Kommune
Søknad komplett: 15.06.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (formål friluftsområde) og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø etter plan- og bygningslova § 1-8 og søknad i eitt steg om etablering av ny sjøleidning for drikkevatt mellom Vatne og Angelsneset, inkludert tilhøyrande kummar og leidningsanlegg på land og i sjø på gnr. 402 bnr. 11 m.fl. Tiltaket er godkjent med avstandar til nabogrenser og andre bygg som vist på situasjonsplanen.

Saksopplysningar

Vi viser til søknad Ett-trinn¹² mottatt hos oss 26.05.2026 . Søknaden var komplett 15.06.2026.

For området gjeld følgende:

1. Reguleringsplan for Vatne sentrum med føresegner, gjeldande frå 08.02.1985.
2. Arealdelen av kommuneplan for Haram med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Eigedomen er i plan lagt ut til friluftsområde.

Tiltaket er nabovarsla. Vi har ikkje mottatt merknadar.

Fråsegna frå annan myndigheit

Møre og Romsdal fylkeskommune

Planfaglege merknader

Postadresse:
Postboks 33
6282 Brattvåg
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Telefon:
Sentralbord: 70 20 75 00
Direkte: «Sbr_Tlf»

Nettside:
haram.kommune.no
Organisasjonsnummer:
829 912 252

Føremålet med tiltaket er å sikre stabil drikkevassforsyning til Angelsneset og bedre kapasiteten for brannvatn. Tiltaket inneber i hovudsak nedgraving av ny leidning i sjø, med trasé om lag som eksisterande leidning, samt etablering og justering av kummar på land.

Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan dispensasjon berre givast dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg tilsidesette, og fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

Omsyna bak arealformålet friluftsområde og byggjeforbodet i strandsona er å ivareta naturmangfald, landskap, friluftsliv og allmenne interesser. Tiltaket er i hovudsak nedgrave og vil i liten grad vere synleg i sjø, men kummar og tilhøyrande inngrep på land vil kunne ha lokal påverknad på terreng og bruk. Samla sett framstår tiltaket å ha avgrensa irreversible konsekvensar for desse omsyna.

Det er i saka dokumentert at tiltaket er samfunnsnyttig og nødvendig for kritisk infrastruktur.

Dette er eit tungtvegande moment i dispensasjonsvurderinga.

Når det gjeld andre regionale interesser, har saka vore til intern vurdering:

- *Fagområde kulturminne (både automatisk freda og nyare tids) har gjennomgått saka og har ingen merknader.*

- *Fagområde samferdsel har vurdert tiltaket og har ingen merknader.*

- *Det ligg føre løyve etter havne- og farvannslova, der tiltaket er vurdert å ikkje ha vesentleg negativ påverknad på ferdsel i farvatnet, føresett fastsette vilkår.*

Fylkeskommunen legg til grunn at relevante sektorinteresser dermed er tilstrekkeleg avklart i denne saka.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan vere oppfylte. Tiltaket ivaretek eit viktig samfunnsbehov knytt til trygg vassforsyning, og påverknaden på omsyna bak arealformål og byggjeforbod i strandsona framstår som avgrensa.

På bakgrunn av ei samla vurdering har fylkeskommunen ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå plan- og bygningslova § 1-8, slik tiltaket er omsøkt.

Det vert lagt til grunn at tiltaket vert gjennomført i tråd med føresetnader i søknaden og vilkår gitt etter anna regelverk.

Statsforvataren i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til søknad Ett-trinn¹² mottatt hos oss 26.05.2026 . Søknaden var komplett 15.06.2026.

Du har søkt om etablering av ny sjøleidning for drikkevatt mellom Vatne og Angelsneset, inkludert tilhøyrande kummar og leidningsanlegg på land og i sjø på gnr. 402 bnr. 11 m.fl. i eitt trinn.

Planmessige forhold og dispensasjonar:

De har søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (formål friluftsområde) og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø etter plan- og bygningslova § 1-8. Søknaden er grunngeven med at omsyn bak føresegnene er å ivareta natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og allmenne interesser i strandsona. Omsøkte tiltak er ei vassleidning som skal gravast ned, og vil ut frå dette ikkje vere til hinder for nemnde interesser. Kummane på land vil vise i terrenget, men dette er snakk om kun kumlokka. Terrenget rundt vil tillagast som det er i dag. Fordelen med tiltaket er å sikre drikkevassforsyninga til Angelsneset, då dagens leidning er av eldre dato. Dimensjon vert auka med tanke på brannvassforsyning. Ein ser ingen konkrete ulemper ved tiltaket.

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, eller lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf., plan- og bygningslova § 19 – 2 andre avsnitt. Det må som utgangspunkt dreie seg om fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn.

Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel – arealformål friluftsområde

Føremålet med arealformålet friluftsområde er å sikre område for friluftsliv, naturopplevingar, landskapsverdiar og allmenn bruk, samt å ta vare på naturmiljø og grønne strukturar. Ved vurderinga må det difor leggjast vekt på om tiltaket vil redusere desse verdiane eller avgrense allmenta si bruk av området.

Det omsøkte tiltaket gjeld etablering av ny sjøleidning for drikkevatn mellom Vatne og Angelsneset, med tilhøyrande kummar og leidningsanlegg på land. Sjøleidninga skal gravast ned i sjøbotnen langs om lag same trasé som eksisterande leidning. På land omfattar tiltaket etablering og justering av kummar, der det i hovudsak berre vil vere kumlok synlege etter at terrenget er sett tilbake til opphavleg utforming.

Kommunen vurderer at tiltaket berre i avgrensa grad vil påverke dei interessene som arealformålet skal ivareta. Sjøleidninga vil vere nedgraven og ikkje synleg etter ferdigstilling. Dei fysiske inngrepa på land er små og avgrensa til tekniske installasjonar som i liten grad endrar landskapsbiletet eller reduserer moglegheita for friluftsliv og allmenn ferdsel. Tiltaket medfører heller ikkje privatisering av areal eller etablering av bygg eller anlegg som hindrar framtidig bruk av området til friluftsføremål.

Kommunen legg vidare vekt på at tiltaket gjeld etablering av kritisk infrastruktur. Ei sikker og stabil drikkevassforsyning er eit grunnleggjande samfunnsomsyn. Den nye leidninga skal erstatte ei eldre leidning og samstundes auke kapasiteten for brannvassforsyning. Tiltaket vil dermed styrkje både beredskap, samfunnstryggleik og forsyningstryggleik for innbyggjarane på Angelsneset.

Det er innhenta uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen vurderer at påverknaden på omsyna bak arealformålet er avgrensa, og har ingen merknader til at dispensasjon vert gitt. Statsforvaltaren har heller ingen merknader. Kommunen legg vekt på desse faglege vurderingane.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at omsyna bak arealformålet friluftsområde ikkje vert vesentleg sette til side ved gjennomføring av tiltaket. Tiltaket har avgrensa og i hovudsak mellombels påverknad på området, medan dei varige inngrepa er små. Fordelane ved tiltaket, i form av trygg og framtidsretta drikkevassforsyning, styrkt brannvasskapasitet og betra samfunnstryggleik, er klart større enn dei avgrensa ulempene tiltaket medfører.

Vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er etter kommunen sin vurdering oppfylte.

Dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 – byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø
Byggjeforbodet i strandsona skal sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning av sjø- og strandareala. Føreseigna skal ta vare på natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser, samstundes som ho skal motverke nedbygging og privatisering av strandsona.

Det omsøkte tiltaket skil seg frå ordinære byggetiltak ved at det gjeld etablering av teknisk infrastruktur under bakken og under sjøbotnen. Den nye sjøleidninga skal gravast ned og følgjer i hovudsak traséen til eksisterande leidning. Etter ferdigstilling vil sjøleidninga ikkje vere synleg. Dei synlege elementa på land er avgrensa til kumlok, og terrenget skal setjast tilbake til opphavleg nivå og utforming etter utført arbeid.

Kommunen vurderer at tiltaket ikkje vil medføre privatisering av strandsona eller redusere allmenta si moglegheit til ferdsel og opphald. Tiltaket inneber heller ikkje etablering av bygningar eller konstruksjonar som endrar karakteren til strandsona eller verkar visuelt dominerande. Dei landskapsmessige konsekvensane vert vurderte som små og lokale.

Kommunen har vidare vurdert dei miljømessige konsekvensane av tiltaket. Inngrepa vil i hovudsak vere knytte til anleggsfasen, medan dei varige konsekvensane vert avgrensa. Leidninga vert liggjande under sjøbotnen og på land vert terrenget tilbakeført. Tiltaket er ikkje vurdert å ha vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald, landskap eller andre allmenne interesser.

Det vert lagt stor vekt på at tiltaket gjeld ei viktig oppgradering av den kommunale vassforsyninga. Eksisterande leidning er av eldre dato, og den nye leidninga vil sikre ei stabil og framtidsretta drikkevassforsyning til Angelsneset. Samstundes vil leidninga få større dimensjon, noko som gir vesentleg betre kapasitet for brannvatn. Tiltaket har difor stor betydning for samfunnstryggleik, beredskap og offentleg tenesteyting.

Kommunen viser òg til uttalen frå Møre og Romsdal fylkeskommune, som vurderer at tiltaket har avgrensa irreversible konsekvensar for omsyna bak byggjeforbodet, og at det viktige samfunnsbehovet knytt til trygg vassforsyning er eit tungtvegande moment i dispensasjonsvurderinga. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ingen merknader til søknaden.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at omsyna bak byggjeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8 ikkje vert vesentleg sette til side. Tiltaket inneber ikkje ei nedbygging eller privatisering av strandsona, og dei varige fysiske og visuelle konsekvensane er små. Fordelane ved tiltaket,

særleg knytte til sikker drikkevassforsyning, styrkt brannvasskapasitet, beredskap og samfunnstryggleik, er klart større enn dei avgrensa ulempene tiltaket medfører.

Kommunen vurderer på denne bakgrunnen at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, og at det kan givast dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Naturmangfaldlova

Tiltaket er vurdert i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12, som omfattar krav til kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning. Det er gjennomført kontroll i Artsdatabanken og Naturbase hos Miljødirektoratet. På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap og registreringar i aktuelle databasar vert det vurdert at tiltaket ikkje vil medføre vesentlege eller negative konsekvensar for naturmangfaldet eller det berørte området.

Plassering:

Avstand til nabogrenser og andre bygg på eigedomen som vist på situasjonsplan.

Ansvar og uavhengig kontroll:

Vi har lagt til grunn at funksjonar og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendige ansvarsrettar.

Utføring

Tiltaket skal utførast i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter, inkludert byggteknisk forskrift (TEK17).

Konklusjon

Søknaden godkjennast som omsøkt.

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker. Aktuelle partar blir underretta om vedtaket.

Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i bystyret, og blir sendt til deg seinare.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år, eller om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, må du søke på nytt, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Du kan ikkje bruke tiltaket før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest er gitt. Ved slik søknad må du hugse å leggje ved opplysningar om kvar tiltaket er plassert, slik det er utført. Opplysningane vert sende til e-postadressa på heimesida til Haram kommune.

Vi gjer merksam på at tiltaket blir registrert i Statens kartverk (Matrikkelen). Kommunale vass- og avløpsavgifter kan bli rekna ut frå areal som er ført der.

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 26/1399» og gbnr. 402/11.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/1399. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Chuyun Hu
ingeniør
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmande for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemde personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfyljing av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betydning for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestekområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36